


AKTUELL KRIM NY 22 1977
(oktober)



VIDKUN QUISLING

1887 - 1945

Thirty years ago, on October 24 1945, a lone figure was led out of his cell at Oslo's Akershus Fortress. Moments before he was to die, he turned to shake hands with the 10-man firing squad. "Don't allow your conscience to trouble you in later years," he calmly told the young men. "Not on my account. You are acting under orders and are only doing your duty as soldiers, like myself."

Those were the words of Vidkun Quisling, and that was the kind of man he was. Maligned as the archetypical traitor, he was in fact the very opposite. For few men have ever loved their country more fervently and with greater devotion than did this greatest of Norwegian patriots.

As minister of defense in the early '30s, he had urgently tried to warn his countrymen about the dangers of Communism and about the need to build a strong national defense. For his efforts he was mocked, and he earned the undying hatred of Moscow's agents and

their friends in the left-wing Labor Party.

Leaving the government, he sought to build a movement — *Nasjonal Samling* — that would revive the Nordic spirit and bring together all sections of the community above class warfare and partisan rancor.

When, as he had feared, war came and the threat of British invasion led to German occupation of Norway, Quisling did not run away — as did the king, his ministers and members of parliament. Instead, he sought to provide much-needed leadership for a leaderless people. Never did he desert or betray his country — as did those who were to sit in judgment of him and condemn him to death.

In his remarks at his sham trial he declared: "In all my actions and all my thoughts, I have been guided by two motives — my love of Norway and the Norwegian people. If my work has been treason, then I pray God, for Norway's sake, that very many sons of Norway will be traitors like me..."

POLITIKK

Uskyldig syndebruk?

Av INGBRETH FORUS

I DAG, 18 JULI, ville vore Vidkun Quisling sin 100 årsdag. Svært mange seier seg 'lykkelege over at strek blei sett' for denne mannen i 1945. Mens gammalnazistane hedrar hans minne ved å skrive ut festskrifter og halde minnestunder over landsforråderen.

Quisling sin politiske karriere var typisk for mellomkrigstidas borgarlege politikarar. Han var sønn av ein prest og gjekk inn i forsvaret, der han blei kaptein i 1917 og major i 1930.

Etter eit mellomspele som militærattaché og medarbeidar i Nansen-hjelpa i Sovjet, samt provokator mot NKP og DNA, vendte han tilbake til Norge i 1930 og grunnla ein fascistisk organisasjon: Nordisk Folkevelsning. I 1931 blei han forsvarsminister i den nydanna Bondepartiregjeringa. Frå denne perioden er han kanskje mest kjent gjennom si rolle i det såkalla Menstad-slaget, der han sendte kanonbatar og store væpna politistyrkar mot arbeidrar i streik.

I 1933 blei Bondepartiregjeringa styrta, og Quisling sto fram som førar for det nystifta fascistiske partiet Nasjonal Samling. Same året oppnådde Hitler ei tilslutning på over 40 prosent for sitt Nasjonalsosialistiske Tyske Arbeidarparti, og overtok den politiske makta i Tyskland.

Det var ikkje grunnlag for ei tilsvarande utvikling i Norge, og NS blei verande eit miniparti utan representasjon på Stortinget.

Vidkun Quisling var borgaraktivisten borgarskapet måtte forstøyte. Hovedfeilen var aldri hans konkrete handlingar — i ei tid med våpenbruk mot streikande arbeidrar, oppbygging av ei hemmeleg hær reita mot arbeidarklassen, sterke fascistiske og pro-nazistiske haldningar blant «samfundets støtter» var Quisling ein framragande representant for aktivistskiktet. Hovedfeilen var at han aldri makta å mobilisera støtte i folket.



Vidkun Quisling — ville han bare hindre krig i Norge?

FOTO: NTB/ARKIV

Borgarskapet si militære rustning mot arbeidarklassen i mellomkrigsåra har alltid vore eit ikkje-tema for dei etablerte historikarane. Ikkje før Lars Borgersrud i bokserien «Våpen mot folket» kunne dokumentere oppbygginga av ei hemmeleg hær og andre terror-organisasjonar mot arbeidarklassen, eit arbeid som hadde full støtte frå leiande militært og politisk hald, kom desse avgjerande momenta på bordet. Men dette har ikkje ført til ei omskriving av historia. Verre blir det når vi kjem til 9. april 1940. Mens det militære leiarskapet dels ut frå ekstrem revolusjonsfrykt, dels ut frå pro-nazi-innstilling, saboterte beredskapen og kampen mot den tyske invasjonen ved m.a. å uskadeliggjere store deler av beredskapsvåpna og unnlata å mobilisere då invasjonen var eit faktum, unnlot DNA-regjeringa å ta notis av dei klare signalane om eit foreståande tysk angrep på Norge.

Det tradisjonelle borgarskapet var splitta mellom dei tysk-vennlige og dei anglofile, med dei britisk-orienterte i klart fleirtal.

Resultatet var at tyskarane med letthet kunne ta landet med 7 500 invasjonssoldatar, at Regjering og Storting bare blei hindra å gå inn i forhandlingar med tyskarane av Kongen sin abdikasjons-trussel, og at framredande representantar frå politikk, byråkrati og storkapital faktisk gjennom ei marionett-regjering, Administrasjonsrådet, fram til september då det oppløgget, skar seg og Quisling blei sett inn istaden.

Disse forholda er det den borgarlege historieskriv-

inga har forsøkt å teie ihjel. «Quisling ble derfor en syndebruk for alt og alle», skriv Hans Fredrik Dahl i Pax Leksikon. Men istaden for å trekke fram dei verkeleg skyldige, konsentrerer Dahl, som nå er iferd med å skrive ein stor Quisling-biografi, seg om å framstille den åpenbare forråderen som ein velmeinande mann med «stor respekt». I same retringa trekk til dømes Fr. Fr. Gundersen sin offentlege kvitvasking av NS si rolle under krigen — offentliggjort i siste utgave av gammalnazistane si avis «Folk og Land», som er ein rein Quisling-hyllest, og ein Odd V. Asphelm som på kronikkplass i Aftenposten i går antyder at Quisling ikkje ga tyskarane opplysningar til hjelp i invasjonssforebuingane, «men nærast var eit velmeinande offer som ville unngå at Norge blei slagmark i krigen mellom England og Tyskland».

Quisling sin betydning for tyskarane må ikkje underverderast, sjølv om ein er klar over at han òg var ein småfisk og ein syndebruk for dei store, som ennå sitt med makta. Han var forsvarsminister så seint som i 1933. Han hadde svært god kontakt med sentralt plasserte politiske forbundsleier — og dei var ikkje få. Opplysningane han etter alt å dømme ga tyskarane i eit hemmeleg møte i København 3. til 6. april var detaljerte og ajourførte. Dei omfatta Kystartilleriet, plassering av sentrale hæravdelingar, flystyrkar, og spesifiserte beredskapsopplysningar. Hans rolle som quisling bidrar mildt sagt ikkje til å mildne bedømminga av han.

DAGENS
EGGEN

Ærlege minneplater 2:
Han deler det med fleir enn ein:
Hans bauta vart ein rennestein.

